

LIK OG LIKSKAP
NOU 2014:2

Høyringsak: "Lik og likskap"

Her er mange nye tankar, mange fornuftige tankar og mykje å undre seg over. Høyringsfrist er sett til 1. okt.. Dette er ei viktig høyring, det får store økonomiske konsekvensar for små kommunar.

Kommunane er også høyringsinstansar.

Austrheim sokneråd meiner dette:

1. Gravlegging er eit offentleg ansvar og skal vere utan kostnad for dei etterlatne. Kistegravlegging og kremasjon skal likestillast.

Høyringsuttale:

Alle innbyggjarar skal vite at fellesskapet/det offentlege vil ta ansvar for ei verdig gravlegging, det er positivt.

Kiste- og urne gravferd skal likestillast. Det offentlege skal betale kremasjonsavgift og transport til krematoria. Dette kan vere med å auka kremasjonsprosenten og det er positivt i forhold til arealbruk.

I vår kommune vil det ha lite å sei dei første åra, kremasjon er lite brukt, men kan på sikt auka.

At gravplassforvaltninga skal ha ansvar for kremasjonsavgift, som no vert betalt av pårørande og for båretransport til krematoriet, som no vert betalt av NAV må kompenseras full ut. Det må ikkje kome som rammetilskot til kommunane. Det må lagast eit tilbakebetalingssystem etter faktiske utgifter.

2. Kommunane skal vere pliktig til å ta i mot utanbygds gravlegging. Brukarbetaling for gravlegging i annan kommune enn avlidne sin bustadkommune fell vekk.

Høyringsuttale:

I dag tek ein også i mot gravlegging av utanbygds, men mot betaling frå dei pårørande. No kan ein sei nei om det er plassproblem.

Prosenten av slike gravferder vil nok auka når det ikkje lengre vert avgift å betale. Oppgjeret mellom dei involverte gravplassforvaltningane må skje på ein god og enkel måte.

Det vert vanskelig å overhalde krava i § 2 i Gravferdslova om at det til ei kvar tid skal vere ledig areal til minst 3 % av kommunane sitt innbyggartal. Det er stor fare for at kommunar med mykje hytter vil få ein stor auke i gravleggingar, det same gjeld for dei som har ynskje om å kome tilbake til "røtene" sine ved livets slutt.

Austrheim sokneråd meiner det framleis bør vere betaling frå pårørande dersom dei vèl gravlegging i annan kommune enn bustadkommunen. Då let det seg lettare regulere i forhold til § 2.

Ingen bør ha krav i annan kommune enn bustadkommunen.

3. Gravplassane skal vere allmenne og bør bli forvalta slik at ordningane i hovudsak er felles for alle. Gravplassane er opne for alle avlidne, uansett religion og livssyn.

Høyringsuttale:

Dette er slik det er i dag i Austrheim, men det er ikkje gravfelt for spesielle religiøse krav, særleg for muslimske graver. Små kommunar vil ha vanskelig for å få dette til. Her bør ein kanskje tenke prosti.

4. Endring av avgifta for feste av grav slik at innbyggerane vert behandla likt.

Høyringsuttale:

Austrheim sokn har no 25 betalingsfrie år etter gravlegging, uansett kva slags grav det er. Ved ny gravlegging i festa grav, reknast ny friperiode.

Då det er eindel felt som ikkje kan nyttast igjen kan det vere problem med gjenbruk av grav. Nokon felt må kunne fredast heilt for gravlegging, kun nyttast som urnegrav, dette p.g.a jordsmonn.

Vi har i dag same festeavgift for alle graver i kommunen, bestemt ut frå alder på gravstad.

Ikkje problem med å gå ned til 20 betalingsfrie år, og deretter festeavgift etter lokale vedtekter.

Satsen på festeavgift bør framleis godkjennast i kommunen etter framlegg frå gravplassforvaltninga.

5. Eit menneske får ei grav. Med tida vert grava sletta og gravminnet teke bort. Ei grav og eit gravminne skal vanlegvis ikkje stå lenger enn det finst levande som minnest den avlidne.

Høyringsuttale:

Vi har sterke tradisjon for å villa behalde gravstadane til våre forferdre. Dette bør kanskje regulerast betre i lovverket.

6. Endring i forvaltningsoppgåver.

Høyringsuttale:

Positivt at utvalet gjer framlegg om Kyrkjeleg fellesråd som forvaltar for gravplassane. Dette gjer at mykje god kompetanse vert vidareført.

At dei oppgåvene Bispedømet har etter gravferdslova og forskriftene vert overført til Fylkesmannen synest fornuftig. Forvaltninga av gravplass skjer på vegne av det offentlege og ikkje på vegne av kyrkja el. livssynsamfunnet.

7. Oskespreiing og gravlegging i kolumbarium

Høyringsuttale:

Austrheim sokn meiner det ikkje bør opnast for oskespreiing på gravplassane. Då må det vere eit stort område på gravplassen som er skjerna for anna bruk og det er ikkje lett å få til på våre gravplassar..

Søknad om oskespreiing kan godt skje til gravplassforvaltninga lokalt.

Når det gjeld anlegging av kolumbarium bør det samlast på ein stad i t.d. i eit prosti. Hos oss t.d. i Knarvik.

I små kommunar kan det vere namna og anonyme urnelundar.

Særleg viktige moment til høyringa:

I høyringa må det kome tydelegare fram at her er det snakk om gravlegging, kremasjon og ikkje om seremonien.

Seremonien er eit privat ansvar.

Når det gjeld bortfall av inntekter og meirutgifter må dette kompensast betre enn i ei overføring frå kommune til fellestråd.